



SAKSGANG		
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	26.11.2015	

Avgjerd av: Formannskapet	Objekt:	Arkivsaknr.:
Saksbehandlar: Jan Kåre Fure	Arkiv: 002	15/315-50

Kommunereforma: Vidare deltaking mot Sunnfjord?

Vedlegg:

Dok.nr Tittel på vedlegg
248698 Liten SiS - ferdigforhandla intensjonsavtale 15.05.15

Bakgrunn for saka:

På formannskapet sitt møte den 11. november i år vart dette vedtaket fatta, mot tre røyster:

1. Formannskapet i Gloppen konstaterer at det ikkje er grunnlag for å arbeide vidare med Firda kommune som samanslåingsalternativ mot Sunnfjord. Formannskapet ber likevel om at Gloppen får vere med vidare i Sunnfjord-utgreiinga for å avklare om andre samanslåingsalternativ kan vere aktuelle for Gloppen å vere med på.
2. (...)

På prosjektgruppe- og styringsgruppemøtet i Sunnfjord-samarbeidet den 13. november i år vart vedtaket presentert og gjennomgått. I gjennomgangen vart det frå Gloppen si side presisert at det ikkje er nok at berre Gloppen ønskjer ei Sunnfjord-løysing: Også sunnfjordingane må klart seie i frå at dei ønskjer å ha med Gloppen. Eit slikt ønskje har vi ikkje fått. Tvert imot er meldinga frå styringsgruppa no at dei går vidare med dei intensjonsavtalane det er realistisk å gjennomføre. Det vil seie avtalane om «liten SiS» og HAFS.

Endeleg frist for anten å takke for seg eller slutte seg til ein av avtalane slik dei ligg føre er sett til månadsskiftet november/desember. For vår sin del altså før vårt neste kommunestyremøte.

Rådmannen tilrår i denne saka at Gloppen kommune no trekkjer seg frå Sunnfjordutgreiinga.

Saksutgreiing:

Ei kort oppsummering av «Sunnfjord-samarbeidet»:

På bakgrunn at kommunestyret sitt oppstartingsvedtak om arbeidet med kommunereforma bad vi om å få vere med på ei utgreiing i Sunnfjord då deira regionråd (SiS) opna for at kommunar utanfor regionen kunne melde seg på.

Frå SiS si sida vart det med ein gong bestemt at tre alternativ skulle greiast ut:

- Ei samanslåing av SiS-kommunane
- Ei samanslåing av SiS-kommunane utan Flora (liten SiS)
- Ei samanslåing av alle kommunane som takka ja til invitasjonen frå SiS (det som vart til avtalen om Firda kommune).

Sidan tre av dei fire kommunane i HAFS-samarbeidet melde seg på, vart det etter kvart bestemt at også ei samanslåing av HAFS-kommunane skulle vere ein del av utgreiingsarbeidet.

Gloppen sa med ein gong ifrå om at det vi først og fremst var interesserte i var ei samanslåing med «liten SiS». Dette fekk vi ikkje gjennomslag for ved oppstarten, og vi har heller ikkje – trass i at i heile tida har teke opp att ønsket vårt – fått aksept av dei andre kommunane til å sjå på dette alternativet. Heller ikkje no er dette noko aktuelt alternativ for andre enn Gloppen.

Konklusjonen er derfor at vi ikkje har noko Sunnfjord-alternativ å gå vidare med slik vi har sett føre oss. Sunnfjord-alternativet no er å slutte seg til intensjonsavtalen for «liten SiS» slik han ligg føre.

Økonomiske konsekvensar for kommunen:

Det gjev ikkje mening å rekne på kva økonomiske konsekvensar det har for Gloppen om vi takkar for oss eller ber om å få bli ein part i avtalen om «liten SiS».

Rådmannen si vurdering:

Rådmannen kjem no med ei klar tilråding om at Gloppen takkar for seg i Sunnfjord-samarbeidet. Det har etter kvart blitt klarare og klarare for rådmannen at det alternativet vi har arbeidd for mot Sunnfjord aldri har vore aktuelt for andre enn Gloppen. Slik sett har vi brukt mykje tid, krefter og pengar på å utgreie alternative samanslåingar for andre enn oss sjølve.

Rådmannen lar dette ligge.

Det kom tydeleg fram på siste møtet i styringsgruppa at Førde, som største kommunen i samarbeidet, meiner det no berre skal arbeidast vidare med dei alternativa som er realistiske og som det er stor oppslutning om å gå vidare med. Gloppen er ikkje med her. Heller ikkje nokon av dei andre kommunane i «liten SiS» gav på møtet uttrykk for at dei ser føre seg ei samanslåing med Gloppen. I den grad «liten SiS» opnar for andre, ser dei mot Fjaler og Askvoll – ikkje mot Gloppen. Dette må sjølvstakt vektleggast.

Når rådmannen no tilrår at Gloppen «hopper av» Sunnfjord-samarbeidet er årsaka kort og godt: Vi har ikkje noko Sunnfjord-alternativ å gå vidare med.

Rådmannen sender denne saka ut til formannskapet i god tid før møtet den 26. november i år slik at partia har tid på seg til å «klarere» si stemmegjeving med kommunestyregruppene. Svarfristen vi har fått med dei andre kommunane går ut før kommunestyremøtet vårt den 14. desember. Rådmannen legg då opp til at formannskapet avgjer saka på sitt siste novembermøte.

RÅDMANNEN SI TILRÅDING:

Formannskapet i Gloppen konstaterer at det ikkje er grunnlag for å arbeide vidare med ei kommunesamanslåing mot Sunnfjord og trekkjer derfor Gloppen kommune ut av Sunnfjord-samarbeidet.